



Olav Ståløy

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 2

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/648 - 16/4221

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no


Dato:
22.03.2016

Gbnr 45/10 Manger - riggopplag - planstatus

Dykkar e-post av 20.03.16. Teknisk forvaltning si rolle i saka er å avklare tilhøve til arealplan og søknadsplikt i høve plan- og bygningslova.


Planstatus

Sjøområdet utanfor eigedomen gnr. 45 bnr. 10 har arealføremål Naturområde i sjø etter Kommunedelplan for Manger, som er gjeldande arealplan for området.



Utsnitt frå kommunedelplan for Manger

Utanfor plangrensa for Kommunedelplan for Manger er arealføremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag etter kommuneplan for Radøy kommune.



Utsnitt frå Kommuneplan for Radøy kommune

Reguleringsplan for Mangerøy industriområde – Kjebogen, planid. 12602015000200 er under utarbeiding. Deler av sjøområdet inngår i denne reguleringsplanen med framlegg til arealføremål Hamneområde i sjø. Planen er ikkje vedteke og er ikkje gjeldande.

Vurdering

Vedlagt kart har ikkje eit format som kan leggjast inn i kommunen sine kartsystem for nøyaktig plassering av riggane, men ut i frå ein visuell samanlikning ser det for kommunen ut som om riggane er plassert innafør området som etter Kommunedelplan for Manger har arealføremål Naturområde i sjø.

Etter plan- og bygningslova § 20-5(3) vil opplag av riggane for eit tidsrom ut over 2 månadar krevje dispensasjon frå arealføremål etter plan- og bygningslova § 19-2.

Mynde etter hamne- og farvasslova

Kommunen har delegert mynde i sjø etter hamne- og farvasslova innafør 1 nautisk mil utanfor grunnlina. Radøy kommune sin mynde etter hamne- og farvasslova er vidaredelegert til Bergen og omland hamnevesen ved vedtak i sak 059/11 med heimel i hamne- og farvasslova § 10.

I sjøområda utanfor 1 nautisk mil frå grunnlina er mynde delegert til Kystverket.

Kva styresmakt som skal treffe vedtak etter hamne- og farvasslova vil difor avhenge av avstand frå grunnlina til området der riggane vert plassert.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland

leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Olav Ståløy